

Biskop Kari Veiteberg inviterte tirsdag 7.januar til nyttårsmottagelse i bispegården for ansatte hele bispedømme.

Tale Nyttårsmottaking

Oslo biskop 7.januar 2020

Kjære venner, godt nytt år!

Den danske dikteren Inger Christensen skriv om alt som finst her i verda,

I diktsyklusen Alfabet<sup>1</sup> skriv om det som fins, om det som er: «Aprikostrærne findes, bregnerne findes, og brombær .... «

Sjølv om diktet er alfabetisk ordna, og fortel om alt som finst, er det ting som går under radaren, som ikkje blir registrert.

Vår oppgåve er ofte å setje ord på slike ting, som finst, men som nesten ikkje blir sett. Som «Lyset du trengs finst.»

Namngi nåden. *Naming Grace*.<sup>2</sup>

Eg har møtt mange av dykk dette året og fått høyre mykje om det gode arbeidet som skjer litt i det skjulte i menigheitane her, speidararbeid, babysong, nabolagsmiddag, middag for alle, og rett og slett samtalar om viktige ting i liva til folk, i

---

1 *Alfabet* av Inger Christensen heftet, 2016, Dansk, ISBN 9788702206579

2 Mi favoritt bok i preikekunst: *Naming Grace: Preaching and the Sacramental Imagination*. Av Mary Catherine Hilker. Bloomsbury Academic, 1997

fortrulegheit, og samtalar om dåp og bryllaup og gravferder. Og eg tenker stadig, kor mykje godt arbeid folk ikkje veit om! Noko er det naturleg at dei ikkje veit om, for eksempel alt som skjer mellom prest og sørgande i ei gravferd. Då er filmkamera og opptaka slått av. Og det er som det skal vere.

Og det er jo litt merkeleg når heile landet verker som å stå på hovudet av ei gravferd som blir sendt direkte på TV.

Eg er glad for alle gode ord i samband med bisettelsen i Oslo domkirke no fredag. Samtidig veit eg at nettopp *de*: tilsette i kyrkja, **stadig vekk har samtaler** og gravferder som er vel så utfordrande og som krev mykje av oss som profesjonelle og som medmenneske.

Eg har lyst i dag til å løfte fram og setje ord på det særst viktige arbeidet de gjer, i det stille, i møte med menneske i sorg og i krise. Eg veit at dette er noko av et viktigaste vi som kyrkje kan gjere. Ut frå det eg fangar om frå samtale med kollegaer og pårørande, blir dette nødvendige arbeidet gjort samvitsfullt og med respekt for at alle sorgsituasjonar er forskjellige. Dette er noko av det vi er gode på!

Noko av det som slår meg når eg høyrer om sorgsamtalar og folks møte med kyrkja, er den voldsomme tilliten vi har i breie lag av folket.

Folk kan kome inn i rommet og fortelje ting til oss som dei aldri har møtt før,

**noko dei aldri har fortalt nokon før.** Denne tilliten er også eit resultat av mykje godt kyrkjeleg arbeid i det stille. I tillegg vart det tydeleg for meg i førre veke at vi i kyrkja har gode og slitesterke ressursar i møte med sorg og det uforståelege:

Bibeltekstar som verkar som skapt for slike høve, og kyrkjerom med utsmykking, for ikkje å snakke om salmar og musikk. Sjølv kjende på kor uendeleg godt er å ha ritualet å lene seg mot, bli bore av. Vi treng ikkje finne på noko. Det er der. Og det er det vi skal tydeleggjere. Meisle ut.

Eg vil få takke dykk for alt det viktige arbeidet som blir gjort og som har blitt gjort i året som ligg bak oss! (Det er) eit arbeid som går heilt under radaren i alle debattane om kyrkjeordning og økonomi og teologisk ueinigheit og kva det skal vere.

Eg har i dette året på visitasar og i møte med folk elles, frå skuleleiing, kommunane, offentlege organ og altså «vanlege»

folk, møtt ei høg grad av velvilje. Og eg veit, denne velviljen er eit resultat av det arbeidet det gjer. Slik, tenker eg, representer eg dykk. Og det er viktig at den takknemlegheita og respekten ulike folk gir til kjenne i møte med meg, blir adressert også til rette vedkommande, medarbeidarane og alle de som arbeider på grunnplanet her i kyrkja.

For kyrkjearbeid er ikkje noko som gjer seg sjølv, åleine. Det hadde ikkje blitt noko gravferd i Oslo domkirke utan stor innsats frå heile apparatet av tilsette i domkyrkja. Slik blir det heller ingen gravferder eller andre gudstenester utan godt arbeid frå (og samarbeid mellom) ulike yrkesgrupper i kyrkja!

I år igjen er dåp løfta opp som eit satsingsområdet. Og vigsel – på den måten at vi vil at folk skal vite at dei kan gjere heilt enkelt og billig.

I år slo drop-in dåpen inn, - i mitt liv – mange av dykk har lengre erfaring. Eg fekk anledning påskeaftan. *Triduum påskefesten*<sup>3</sup> - påskeaftan har frå heilt sidan oldyrkja vore tida for dåp.

---

3 Kari Veiteberg: «Å gestalte påske – tredagarsfesten» i St. Sunniva nr. 1/2016, sidene 20ff.

Nokre som kom *var* døypte, men vi skjøna at ei rituell handling var viktig for dei. Vi sa dei kunne dukka opp på kvelden, men då var det som dei gjekk dei sorgtyngde bort, så vi fekk ordna det til før dei rakk å kome ut døra. Vi gav eit tilbod om dåpsfornyng og dei fekk eit vitnemål med stempel og dato.

Folk melder seg inn i kyrkja. Ei kvinne sendte meg dette:  
«Velkommen som medlem. NN, født 00.00.1972 er per 02.12.2019 medlem i Den norske kyrkje. Din lokale menighet er Grorud sogn og ønsker deg velkommen til gudstjeneste og andre arrangementer.»

Ein nabo fortalte at no, har ho som pensjonist, meldt seg inn i kyrkja, men ho sakna at det kunne kome eit lite velkomstbrev. Og ho ville gjerne bli brukt som ressurs. No når sist eg møtte ho, fortalde ho at ho hadde troppa opp nokre gonger i kyrkja av seg sjøl, og ho sa det var veldig hyggeleg der.

**Men**, kanskje skulle vi tenke på dette, ikkje sånn at det blir kleint, men «velkommen – kransekake og kaffe, møte med oss ansatte, .....»

...

Dåp. No sender Bispemøtet ut ein helsing til meningheita om dåpen, som vi ønskjer skal lesast opp søndag. Eg trur også at Harald Hegstad si utførlege dåpsbok blir delt ut i prostia. <sup>4</sup>

Eg har tenkt mykje på dykk i bispedømmet når vi sat å utforma den teksten på bispemøtet. For som eg innleia med:

Alt fins. Korleis kan eg gi denne teksten ut til dykk, mine beste teologar, kloke kateketar og diakonar og iherdige kyrkjearbeidarar:

Mange av dykk har gode gjennomtenkte dåpssamlingar og velformulerte dåpsbrosjyrar. I Nordre Aker har de laga ein dåpsbrosjyre som de mellom anna legg ut på alle helsestasjonar. Eg blei utfordra til ei skrive ei helsing der i fjor, retta mot foreldre som kanskje ikkje har tenkt tanken.

«Kjære nybakte foreldre!

«Jeg ønsker dere alle av hele mitt hjerte til lykke!

I kirken har vi en salme der vi synger at det å stå med nyfødt barn i hendene fyller oss både med glede og beven, sånn litt skjelven.

De fleste tros- og livssyn markerer de store hendelsene for livets overganger.

<sup>4</sup> *Dåpen - en nådens kilde*. av Harald Hegstad, Verbum 2109

Som leder av kirken her i Oslo vil jeg understreke at alle som undrer og tror, om det så er svakt eller sterkt, er velkommen til dåp.

Når et barn døpes uttrykker du som forelder at du ønsker at barnet døpes til den kristne tro og at det skal få være en del av kirkens fellesskap. Dåpen er en gave som bekrefter at vi alle er sett og elsket at Gud.

Hilsen fra biskop i Oslo Kari Veiteberg.»

No er eg glad for brevet om dåp frå Bispemøtet, eg ønskjer vi skal spreie han utover og som alle tekstar fortener han både motstand og hengivelse, det er sunn teologisk respons.

Hugs nådemidla blir aldri ferdigsnakka. Dåpen: Så mykje å seie. Og så lite egentleg: Vi har vatn og vi døyper i den treeinige Guds namn. Jesus valte heilt *basic*, vatn. Og frå markene rundt seg: korn og druer. På visitasen i Sagene før jul, starta vi med **kortreist nattverd**: Kornet og druene kom Klosterhagen, eit par meter unna.

Dette fins. Og vi har som mål at alle menigheitane våre skal bli grøne: Dyrke og bruke kortreist mat og grønt. Her har vi store, hårete mål: Bærekraft i alle ledd. Månadskort og sykkel.

Godt folk, eg meiner at det ligg ei frigjering i det grøne skiftet, ei frigjering frå Mammon og materialisme.

Kva seier de frå Røyken og Hurum til dette. Vi har fått meir kyst i Oslo bispedømme no, meir åkrar. Meir

På søndag hadde vi ei veldig fin gudsteneste i Teglen kirke og kultursenter, (utan papir – det var førebiletleg og vakker projisering av salmar og fellesbøner på veggen). Teglen kirke og kultursenter i det som før var Røyken kommune i Tunsberg bispedømme. Vi feira det nye Asker prosti, som følge av at gamle Asker kommune er slått saman med Røyken og Hurum, som stadig heiter Asker men som altså er større og annleis. Det betyr at vi har fått fleire nye kyrkjer, nokre av dei nye kyrkjene er frå mellomalderen, nokre som Teglen er vellykka moderne arkitektur av arkitekt Einar Dahle.<sup>5</sup>

Og vi har fått nye medarbeidarar. Eg vil ønske alle dykk som er her for første gong velkommen, og *please* ta med denne velkomsthelsinga tilbake til alle kollegaene dykkar. Eg vart oppløfta av møte med dei tilsette og av heile stemninga under feiringa søndag. For det er tydeleg at det har vore eit godt forarbeid her. Både ordførar i Asker og leiar av Kyrkjerådet, snakka begeistra om dette arbeidet og om det potensialet som

---

<sup>5</sup> Mitt TV-tips. Her får du sett Teglen kirke også: «Arkitekens hjem.» Sesong 5, episode 4: Aina Dahle. <https://tv.nrk.no/serie/arkitekens-hjem/sesong/5/episode/4>



finst for kyrkja her i møte mellom lokalbefolkning frå (bokstaveleg tala) bygd og land.

Forarbeidet ligg synleg her i dette bladet (vis fram) kor kyrkja framstår som eitt: Fellestrådslinja og bispedømmerådslinja står samla: Det er framtidsretta. Døvekyrkja feira 125 år no i november. Der er og einheitleg ledelse blitt utarbeidd og ventar på godkjenning. .

Lat meg nemne Forsvarets Tros og livssynskorps som Oslo biskop har ansvar for. Ny sjef, og vi vår linje prost, blei like før jul utnemnt: Knut Espen Høidal. Vi sender varme tankar til han og dei i overkant av 50 prestane som no er i teneste frå Kristiansand i Sør til Kirkenes i Nord. Dei driv mellom anna eit formidabelt ungdomsarbeid!

Eg starta med eit dikt av Inger Christensen. Tidsskriftet Kirke og Kultur hadde for nokre år sidan ein salmekonkurranse.<sup>6</sup> Jon Fosse sende inn ein salme som han kalla Nattsalme, då redaksjonen i K&K spurte kva melodi han kunne tenke seg, skreiv han «...Melodi: om mogeleg vil eg føretrekkje ein svært enkel og songbar melodi, gjerne i retning av "bedehussong", eller i retning av

---

6« Kirke og Kultur» 06 / 2008 (Volum 112)

"tatersong", altså noko à la Elias Akselsen. Eg veit ikkje om han skriv melodiar sjølv, men om han ville prøve seg, så hadde det vore fint. Om då lèt seg tenkje.

Elles finst det, for alt eg veit, kanskje ein kjend melodi ein kan bruke? Elles har eg ingenting imot, sjølvsagt, at Andreas Utnem eller ....»<sup>7</sup>

Elias Akselsen vart spurt, men han hadde dessverre ikkje anledning då. I dag har eg fått ein draum oppfylt: Å få møte og høyre Akselsens her, saman med ingen ringare enn Stian Carstensen. Takk!

Andreas Utnem skreiv forresten ein slitesterk melodi etter Jon Fosses ønske.

Også «Nattsalme» set ord på det som fins. Salmen har sitt opphav, har Fosse sjølv sagt, i refleksjonar etter ei kyrkjeleg gravferd (etter bestemor)

Salmen lyd slik: Det finst ei jord som opnar opp  
sitt djup av svarte natt  
og løyner både sjel og kropp  
til ingenting er att

---

<sup>7</sup> Utdrag frå brev adressert Rolv Nøtvik Jakobsen 07.07.2008

Det finst ei natt som møter deg  
og tek deg mjukt imot  
og let deg kvila æveleg,  
di han, di sjel, di fot

Det finst frå Gud i alt som er  
i jord og nattevrimmel,  
di sjel er hans, du er hans verd  
du lyser fram hans himmel

**Det finst.** Det finst takknemlegheit: Takk.

Og det finst også grunn til å ønske kvarandre godt nytt år. Eg er stolt av å arbeide med dykk gler meg til å arbeide vidare med dykk! Mykje meir kunne seie, for eksempel at kanskje vi skal opne nokre av kyrkjeromma våre så folk på vandring kan få vern og ly. Der treng eg å ha dykk med på laget!

Takk til alle medarbeidarane her på bispekontoret som har gjort i stand så fint for oss her, Elise og heile staben. Utan dykk...

Eg vil at dette skal bli ståande: Takk for at du fins. Takk!

